



Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Postboks 2520

6404 MOLDE

Vår ref.  
13/1458/FE - 026/TORK/97515319

Dykkar ref.

Dato:  
18.12.2017

## **Grensejustering i Norddal kommune - grendene Norddal og Eidsdal - svar frå Norddal kommune**

Viser til brev frå Fylkesmannen dagsett 21.11.2017 for innhenting av faktaopplysningar vedrørende grensejusteringar i Norddal kommune for grendene Norddal og Eidsdal.

### Areal og geografi

Grendene ligg på sørsida av fjorden som går inn mot Tafjord. Det meste av utmarksarealet ligg innanfor Geiranger – Herdalen landskapsvernområde noko som legg klare restriksjonar på korleis arealet kan nyttast. Nærleiken til Geiranger merkast spesielt godt i Eidsdal med svært mykje forbipasserande turistar. Norddalsbygda merker seg ut med gode kvalitetar frå fjøre til fjell. Relativt lite er påverka av turisme, og ein har mange aktive og kreative næringsutviklarar spesielt innan landbruksnæringa.

### Kommunikasjonstilhøve og pendling

Grendene Eidsdal og Norddal har ein god del utpendling og mindre innpendling. Dei fleste pendlar mot Valldal, men det er også pendling mot Geiranger, Stranda og Ålesund. Dette er det statistikk på.

### Kommunale tenestetilbod

Det er spesielt innan barnehage, skule og helse at ein treng gode tilbod. Pr. i dag er det barnehage i Norddal, men ikkje i Eidsdal. Skulen i Norddal er nedlagt, og elevane er overførte til Eidsdal skule. Her er det tilbod både på barnetrinnet og ungdomstrinnet. Når det gjeld ungdomstrinnet, har ein vurdert å overføre dette til Valldal. Når det gjeld helsetilbod, blir heimhjelpa organisert frå Valldal. I Eidsdal er det legeteneste ein dag i veka. Ved etablering av ny kommune er det lite truleg at det vert endring på det kommunale tenestetilbodet i første omgang. Ein samarbeider også med skulen i Geiranger på ulikt vis. Det er ikkje kjøp av tenester spesielt til desse bygdene frå andre kommunar.

### Utbyggingsmønster

Det er pr. i dag ikkje planarbeid på gang som omfattar utbygging av næring og bustader for dei aktuelle grendene.

### Anna

Foreningsaktiviteten vil i svært liten grad bli påverka ved ei grensejustering. Dette arbeidet er ofte avgrensa til små einingar og lokalisert til kva bygd.

---

<u>Postadr.:</u> Postboks 144 6211 Valldal	<u>E post/heimeside</u> post@norddal.kommune.no www.norddal.kommune.no	<u>Telefon/telefaks</u> 70 25 88 00 70 25 88 01	<u>Bankgiro:</u> 4212 23 27668	<u>Organisasjonsnr.</u> 939 396 268
--	--	---	-----------------------------------	--

Det vil vere viktig å ta vare på frivillig innsats i bygdene da dette utgjer ein svært stor ressurs uansett korleis bygdene blir organiserte.

Når det gjeld skatt og frie inntekter, har ein ikkje godt nok grunnlag for å vurdere dette.

Ein av føresetnadene ved å etablere Fjord kommune var at Norddal kommune skulle gå inn i samarbeidet som ei heil og udelt kommune. For begge kommunane er dette ein klar føresetnad for det vidare arbeidet for etablering av Fjord kommune.

Telefonliste er lagt ved for personar over 16 år. Dei med kontantkort og dei som nytter foreldra sine abonnement når ein ikkje på denne måten.

Med helsing

Toralv Klokkehaug  
næringssjef

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.*

Kopi til:

Stordal kommune

6250 STORDAL

Stranda kommune

Postboks 144

6200 STRANDA

Vedlegg:

Dok.nr

Tittel på vedlegg

153788

norddal



# Stordal kommune

«Sse\_Navn»

Saksbehandlar: «Sbr\_Navn»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Postboks 2520

6404 MOLDE

Vår ref.: 17/116-77

Dykkar ref.:

Arkiv: FE-024

Dato: 18.12.2017

## Grensejustering i Norddal kommune - faktainnhenting

Som leiar av fellesnemnda for nye Fjord kommune, er eg beden om å gi supplerande faktaopplysningar til utgreiing i samband med søknad om grensejustering i Norddal kommune.

Når det gjeld dei faktiske opplysningane som må oppgjevast i form av tal på innbyggjarar, skatteinntekter, rammetilskot etc, har eg som leiar av fellesnemnda ikkje utan vidare tilgang til desse, men vil tru at dette er informasjon som andre informasjonskjelder kan gi.

For Fjord kommune vil det vere av avgjerande betydning av den nye kommunen kan etablerast slik det er føresett frå dei to kommunestyra som har gjort vedtak om samanslåing. Dei to kommunestyra har gjort sine vedtak basert på ein framforhandla intensjonsavtale, og denne intensjonsavtalen legg til grunn at det er dei to noverande kommunane, med noverande areal og folketalet, som er grunnlaget for samanslåinga til Fjord kommune. Fellesnemnda er godt i gang med å førebu den nye kommunen, og vi har lagt til grunn dei vedtaka som er gjort og dei fullmaktene som er utarbeidd av kommunestyra.

Ei samanslåing av noverande Stordal og Norddal kommunar vil ikkje verte nokon stor kommune målt etter folketal, men ein relativt stor kommune målt etter areal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ved ulike høve uttalt at Stordal og Norddal, ved å slå seg saman, vil vere vesentleg betre stilt enn om vi heldt fram åleine. Stortinget har gjort vedtak om å slå desse to kommunane saman.

Det vi svekke den nye kommunen vesentleg om omsøkte grensejustering skulle bli gjennomført. Ei slik grensejustering vil fullstendig endre dei føresetnadene som låg til grunn for både intensjonsavtale og seinare vedtak om samanslåing. Dette må kunne kategoriserast som eit faktum og ikkje som ei meiningsytring.

Sidan det frå initiativtakarane i Eidsdal/Norddal også er tatt til orde for at heile framtidige Fjord kommune bør gå saman med Stranda kommune og danne ein ny kommune på Indre Sunnmøre, vil eg nytte høvet til å gi nokre refleksjonar rundt dette også:

Inndelingslova opnar for at innbyggjarar kan be om at det vert gjort utgreiingar om kor vidt kommunegrenser bør/kan endrast. Eit slik initiativ er reist av innbyggjarar i Eidsdal og Norddal. Inndelingslova slår også fast at dersom det er snakk om vurdere samanslåing av heile kommunar, så er det berre kommunestyra i dei kommunane det gjeld som kan fremje eit slikt initiativ. Eg finn grunn til å understreke at korkje Stordal kommunestyre eller Norddal kommunestyre har tatt noko slikt initiativ. Utan eit positivt vedtak frå dei respektive kommunestyra, vil ei tilråding om ei samanslåing som inkluderer Stranda kommune, bli sett på som tvang.

Med venleg helsing  
Stordal kommune

Eva Hove  
Leiar av fellesnemnda for Fjord kommune

**Kopi til:**  
Norrdal kommune

Postboks 144

62 VALLDAL  
10

*Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt utan signatur.*